



31.mars
- 2.april
2023

VOSSA JAZZ 50

Vyrde Vossa Jazz-ven

Tidleg på 70-talet gjekk nokre gymnasiastar saman med ideen om å starta ein jazzfestival på Voss. Inspirasjonen kom frå Europa, og heldigvis visste ikkje desse entusiastane kva som venta av hardt arbeid. Men skal me tru soga har det vore mest moro! 1.-3. mars 1974 såg den fyrste Vossa Jazz dagens lys.

50 år seinare er dette framleis ein festival som osar av kvalitet, vilje og nyskaping. Årets program skal sjå litt attende, men òg ta pulsen på kva som rører seg på jazzscena i inn- og utland. Årets Tingingsverk er signert Oddrun Lilja, og ho skal framföra det 41. Tingingsverket i rekka! I tillegg får me eit etterlengta gjenhøyр med Arild Andersens Sagn frå 1990 og Molvær sitt Labyrinter/Khmer frå 1996. Vossa Jazz skal vera nyskapande, og årets festival har mange nye bestillingar og produksjonar, mellom anna to bestillingsverk til Badnjazz!

Samarbeid er som kjent gull, og mange av bestillingane våre har kome til gjennom samarbeid med andre kulturaktørar. I år har me mellom anna ei festframstilling i samarbeid med 100års-jubilanten FolkOrg der me presenterer sjølvaste Landslaget for spelemenn. Linda Eide skal gi jazz med ein språkguide til jazzen, og det kan verتا lærerikt for nokon og ein kvar. Det same kan seiast om kulturkonferansen fredag; det er viktig å ta opp kulturpolitiske saker, og kven veit, kanskje kan me bli litt klokare?

Palmehelga skal etter syda av spanande musikk på 20 scener der 240 profesjonelle musikkarar, 20 studentar og over 200 amatørar, born og unge møtast i eit vakkert samspel. Festivalen har noko for alle, og det er ikkje krav om verken uniform eller særskilt platekatalog. Du kan oppleva artistar du kanskje ikkje har hørt før. Du treng ikkje lika alt, men uansett er musikk er best live.

Du er med dette invitert når Vossa Jazz skal feira gullbryllaup saman med våre fantastiske artistar, vårt nydelege publikum, knallgode medarbeidarar og dedikerte samarbeidspartnarar som har bidrege i 50 år. Det er med kjærleik og takksemid me opnar dørene for årets festival.

Hjarteleg velkommen og hurra for Vossa Jazz!



Trude Storheim
festivalsjef



KONTAKTINFO

Besøksadresse: Vangsgata 6
Telefon: 56 52 99 11

post@vossajazz.no
www.vossajazz.no



BILLETTINFO

Kjøp billettar hjå vossajazz.ticketco.events. Prøv gjerne appen TicketCo Wallet!

BILLETTPAR

Enkeltbillett Det vert selt enkeltbillettar til dei fleste konsertane. Frå kl. 21.00 fredag og laurdag er det éin felles billett for alle konsertane på Park = huskort.

Huskort Gjeld alle konsertane på Park fredag og laurdag kveld. Du kan ikkje kjøpa enkeltbillett til desse konsertane. Ver merksam på at det er avgrensa kapasitet i kvart konsertlokale.

Festivalpass (utseld) og dagskort Gjeld alle konsertane på festivalen/den aktuelle dagen dersom ledig kapasitet. Hugs å byta billetten i armband på billettkontoret under festivalen.

Plassbillettar Til nokre konsertar kan gjester med festivalpass og dagskort kjøpa plassbillett for å vera sikra å koma inn.

Ein stor takk til våre gode støttespelarar:



Vekselsbanken
Helse Norge og Landbruksbank ASA



SYLVSMIDJA

Etab. 1940



Hordaland



Voss Energi



IHM
Indre Hordaland Miljøvern



Norsk Kulturråd – Vestland fylkeskommune – Voss herad – Music Norway

KONSETOVERSIKT

TORSDAG

| | | | |
|-------|--------------|---------------------------|--------|
| 17.00 | Mølstertunet | Opning jubleumsutstilling | gratis |
|-------|--------------|---------------------------|--------|

FREDAG

| | | | |
|------------|-------------------|--|--------|
| 10.00 | Voss kulturhus | Kulturkonferanse: Vakkert samspel? | 670 |
| 13.00 | Park, Jazzklubben | Jazzlinja i Trondheim: HELLO WORLD! | gratis |
| 15.30 | Voss Sparebank | Timber | gratis |
| 16.30 | Hangurstoppen | Jazzlinja i Trondheim | gratis |
| 16.30 | tba | Opning Vossa Jazz-utstillinga: Ingrid Haukelidsæter | gratis |
| 18.00 | Voss idrettshall | Opning ved Cecilie Løveid Khmer/Labyrinter - Nils Petter Molvær | 450 |
| 20.00 | Gamlekinoen | Mariam Wallentin & Vestnorsk Jazzensemble | 350 |
| 21.30 | Voss idrettshall | Kari Bremnes | 450 |
| 21 - 02.30 | Park, huskort | Large Unit EthioBraz - Philip Lassiter - The End Roberto Ottaviano Eternal Love- Team Hegdal Mari Kvien Brunvoll & Stein Urheim med Moskus | 700 |
| 23.00 | Gamlekinoen | Hamid Drake's Turiya: Honoring Alice Coltrane | 350 |

Transport til Hangurstoppen

Ta gondol til Hangurstoppen fredag for 100,- t/r.
Kjøp billett hjem vossresort.no og vel billetten Gondol IttePaoSki.

Festivalpass kr 2420 (utseld) Festivalpass for ungdom t.o.m. 25 år kr 1045 (utseld) Dagskort fredag kr 1000

Billettgebyr kjem i tillegg

LAURDAG

| | | | |
|------------|------------------|---|--------|
| 11.00 | Torget | Badnjazzparade | gratis |
| 11.00 | Gamlekinoen | Jazznytt18 | gratis |
| 11.00 | Frå Vangskyrkja | Kulturvandring | 280 |
| 11.30 | Voss kulturhus | Badnjazz: forfattartreff med Aina Bassø | gratis |
| 11.45 | Gamlekinoen | Griegakademiet | gratis |
| 12.00 | Voss kulturhus | Badnjazz: Kashakas & Klikkerter | 100 |
| 12.00 | Mølstertunet | Joakim Rainer Trio | 185 |
| 12.00 | Osasalen | Sinikka Langeland | 250 |
| 12.00 | Scandic Voss | Superjazz med The Brazz Brothers | 235 |
| 13.30 | Voss idrettshall | Landslaget for Spelemenn | 380 |
| 14.00 | Gamlekinoen, ute | Undergrønnen | gratis |
| 14.00 | Kapellankåken | Ein veg - ei reise med Bergensbanen | 250 |
| 15.30 | Osasalen | Nana Rashid | 250 |
| 15.30 | Voss kulturhus | Vozzakveld m/Voss storband, Kolve, Brunborg og Dale | 330 |
| 16.00 | Park, Vossasalen | Badnjazz: Sigrid Moldestad | 135 |
| 18.00 | Voss idrettshall | Tingingsverket: Oddrun Lilja | 450 |
| 20.00 | Gamlekinoen | Gi jazz – Eides språkguide til Jazzen | 430 |
| 20 - 02.30 | Park, huskort | Bare Egil Spellemannslag - Sondre Lerche Hannah Storm - Trichotomy - Ingrid Jasmin The Source of Voss - Undergrønnen Bushman's Revenge | 800 |
| 22.30 | Gamlekinoen | Angrusori | 350 |

Festivalpass kr 2420 (utseld) Festivalpass for ungdom t.o.m. 25 år kr 1045 (utseld) Dagskort laurdag kr 1250

Billettgebyr kjem i tillegg

SUNDAG

| | | | |
|-------|--------------------|---|--------|
| 10.30 | Gamlekinoen | Jazznytt 18 | gratis |
| 11.30 | Osasalen | Kjærgaard/Bruun/Westergaard Trio | 250 |
| 11.30 | Trudvang i Granvin | Eldrejazz: Påskesol Ønskemåne | tba |
| 13.00 | Voss kulturhus | Badnajazz: Tora Augestad | 135 |
| 13.30 | Gamlekinoen | Vikla inn i blått | 400 |
| 13.30 | Osasalen | Significant Time: Vossastubbar | 250 |
| 15.15 | Voss idrettshall | Sagn | 450 |
| 15.30 | Velferdssentralen | Eldrejazz: Påskesol Ønskemåne | 185 |
| 17.00 | Vangskyrkja | Martha Wainwright – Love Will Be Reborn | 350 |
| 18.30 | Gamlekinoen | Sigrid Moldestad | 380 |
| 20.00 | Voss idrettshall | Ane Brun | 450 |

Festivalpass kr 2420 (utseld) Festivalpass for ungdom t.o.m. 25 år kr 1045 (utseld) Dagskort sundag kr 1000

Billettgebyr kjem i tillegg



Fredag 10.00 - 14.00 **Voss kulturhus**

Kulturkonferanse

Vossa Jazz inviterer, i samarbeid med Voss herad, Kultur Vest, Norsk jazzforum, CREO, KRAFT - tankesmia for kunst og kultur, Norske Kulturarrangører og Norsk musikkråd.

Vakkert samspeil?

- Om samhandling og samarbeid mellom frivillighet og profesjon i kulturlivet.
- Kunsten vert ikkje til under ein stein, korleis verkar kunsten og kva er det me skal? Avspark ved Solveig Slettahjell, Kraft – tankesmia for kunst og kultur.

Kva er frivilligkeit verdt?

Ei sannsoge om kulturfrivilligetas kraft, ved Trude Storheim, dagleg leiar Vossa Jazz.

Korleis heng det saman?

Samtale med Cathrine Nyheim (Creo), Siri Haugan Holden (NKA) og Bjarne Dæhli (Norsk musikkråd).

Personleg skråblikk ved Ragnhild Furebotten.

Korleis fungerer samspelet mellom frivilligkeit og det profesjonelle kunstfeltet? Panelsamtale.

- Debatt med Tage Pettersen (H), Torstein Tvedt Solberg (Ap), Silje Hjemdal (FrP), Kathy Lie (SV), Åslaug Sem-Jacobsen (Sp) og Grunde Almeland (V).

Smakebit av årets Tingingsverk signert Oddrun Lilja.

Oppsummerande skråblikk frå Frode Grytten.

Hilde Sandvik vil leia oss gjennom dagen.

Kjøp billettar hjå vossjazz.ticketco.events.
Dagskort og festivalpass gjeld ikkje konferansen.



FOTO: HELGE SKODVIN



Torsdag 17.00 **Mølsterutnet**

**Jubileumsutstilling:
50 år med Vossa Jazz**

Få innblikk i livet både på og bak scena frå fyrste festivalen i 1974 og fram til i dag. Korneis starta det heile? Kva var viktige milepelar? Kva har festivalen betydd for Voss og finn me ein suksessfaktor bak den vitale 50-åringen? Det vert gjensyn med plakatar av ulike festivalkunstnarar og gjenhør med tingingsverka, mellom anna.

Nils T. Bjørke opnar utstillinga. I palmhelga er utstillinga gratis for gjester med festivalpass og dagskort pluss medarbeidarar og musikarar på festivalen.

Opningstider: 12.00 - 17.00

Velkommen til jubileumsutstilling!



Fredag 16.30 **tba**

Festivalkunstnar: Ingrid Haukelidsæter

Stavangerkunstnaren er kjend for fargerike, abstrakte og dynamiske måleri og grafiske trykk. Musikk og rørsle er viktige referansar i arbeidet hennar, og ho går langt tilbake i tid for å forklare kva rolle musikken spelar i kunsten hennar: – Då eg gjekk på Kunstskolen i Rogaland hadde eg målaren Terry Nilssen-Love som lærar. Han var oppteken av eksperimentell musikk, og gav oss i oppgåve å teikna ei visuell framstilling av eit Edgard Varèse-stykke. Det var ein slags dørropnar for meg: Eg høyrd at lydane hadde ulike klangar, former og retningar – at det var rørsle der. Sjølv om eg sjeldan jobbar så konkret med musikk no til dags, er det på ein måte desse tinga eg har jobba med sidan, seier Haukelidsæter.

Til Vossa Jazz-plakaten har ho valt eit fritt, ope og leikent måleri, som ho føler har noko av jazzen sin fridom og improvisasjon i seg.



Voss Kunstlag

Få rabatt på toget til Vossa Jazz!



Vy tilbyr gjester på Vossa Jazz

50% rabatt på billettkategorien Full Flex Refunderbar på reisa Oslo – Voss og
35% rabatt på billettkategorien Voksen ordinær Bergen – Voss på Vossebanen.

Bergensbanen frå Oslo til Voss:

- **Fredag 31. mars:** Avgangar frå Oslo: Kl. 08:25, 12:03, 14:25, 16:25
- **Laurdag 1. april:** Avgangar frå Oslo: Kl. 08:25, 12:03, 16:25

50% på billettkategorien *Full Flex Refunderbar* på desse avgangane.

Det er ikkje reservert eigne vogner.

Vossebanen mellom Bergen og Voss:

- **Fredag 31. mars:** Frå Bergen: Kl. 12:29, 13:20, 14:23, 15:28, 16:29
- **Fredag 31. mars:** Frå Voss: Kl. 19:13, 19:51, 23:01
- **Laurdag 1. april:** Frå Bergen: Kl. 12:29, 13:20, 14:23, 15:28, 16:29
- **Laurdag 1. april:** Frå Voss: Kl. 19:13, 19:51, 23:01

35% på billettkategorien *Voksen ordinær*. Det er ikkje reservert eigne vogner. Vanlege billettvilkår gjeld, sjå www.vy.no

Tlf. 61 05 19 10
Tasteval 2,
deretter 2 igjen for grupper.
Opningstid er
måndag-fredag 08:30-16:00.
E-post:
gruppereiser-tog@vy.no
med emnefelt
«Vossajazz»





Fredag 13.00 **Park Jazzklubben**

Fredag 15.30 Musikalsk opptur i gondol-kabinane

Fredag 16.30 **Hangurstoppene**

Jazzlinja i Trondheim: **HELLO WORLD!**

Andreklasse på Jazzlinja ved NTNU inviterer til ei høgspent musikalsk oppleveling! Den digitale verda sitt inntog i kvarldagen og kunsten påverkar oss som aldri før. Alle desse kalde, kjenslelause «nullane og einarane» har paradokslt nok skapt nye musikalske uttrykk som resonerer med menneske over heile verda. Greier HELLO WORLD! å koma den digitale utviklinga i møte gjennom jazz, leiken improvisasjon og ungdommeleg energi? Den som kjem får sjå.

Albert Støver Rygh gitar Anna Ueland piano, synth Bendik Løland Lundsvoll kontrabass
Brede Sørum saksofon Emil Bø trombone Guro Kvåle trombone Hermann Arntzen Hestbek tuba
Inga Mei Steinbru trommer, perkusjon Johannes Midbrød Elnan kontrabass, el-bass
Niklas Heide trommer, perkusjon Odin Kristian Fiskvik gitar Oliver Skou-Due piano, synth
Siv Aurlund vokal Tuva Viktoria Lundberg Olsson trompet

FOTO: SIGRID ERDAL



Fredag 15.30 **Voss Sparebank**

Timber

Studentane i Nordisk master i folkemusikk utgjer bandet Timber. Med medlemmer fra Baskerland i sør til det nordlegaste Sverige utgjer gruppa ei særslig interessant samansetjing. Dei har samla seg rundt den tradisjonelle folke-musikken frå dei fire nordiske landa, men uttrykket vert tydeleg prega av deira individuelle og breie musikalske bakgrunnar.

I repertoaret finn me både tradisjonelle tonar dei har møtt på sine reiser, samt eigne komposisjonar, improvisasjonar og arrangement. Kvar låt Timber tek fatt på vert forma av deira leike-lystne temperament.

Barbara Ardenois akkordeon Inga Freyrsdóttir fløyte, blåseinstrument Timmy Gasslander gitar
Ronja Grafström vokal Johannes Kölbl diatonisk trekkspel Markus Mattsson klarinettar, blåseinstrument

Laurdag 11.45 **Gamlekinoen**

Griegakademiet: **Masseh**

Masseh kjem frå jazzlinja ved Griegakademiet i Bergen og har eit unikt mangfald av referansar og bakgrunnar, noko som fører til spanande og uventa musikalske vendingar. Konserten deira består av ny musikk dei har komponert sjølv, og det vil vera noko for einkvar smak. Dei seks musikarane i bandet har masse energi og kjærleik til musikken sin, som dei gler seg til å dela med Vossa Jazz-publikummet.

Halvor Anspach Thormodsæter trommer
Adrian Olsen piano, synth

Sofia Guidi vokal

Erlend Markus bass

Martin Borge gitar

Symre Taugbøl Bang gitar





Cecilie Løveid opnar den 50. festivalen!

Løveid debuterte med romanen *Most* i 1972, og året etter var ho ein av lyrikarane som var med på den aller første Vossa Jazz-festivalen! Me gler oss til å høysa korleis ein forfattar av dette kaliberet sparkar i gang den 50. festivalen.

Fredag 18.00 **Voss idrettshall**

Nils Petter Molvær Khmer/Labyrinter

I 1996 urframførte stjernetrompetist Nils Petter Molvær Tingingsverket *Labyrinter* på Vossa Jazz, med massive beats, bankande grooves og brennande trompetsoloar. Det strålende verket vart døypt om til *Khmer* og gjeve ut som Molvær si debutplate på ECM året etter. Albumet vart seld i over 250 000 eksemplar over heile verda og styrkte hans posisjon blant dei leiane stemmene i den europeiske jazzrørsla. Me er stolte over å ha hatt ein finger med i spelet i Molvær si tidlege karriere, og no er me utrolig glade for å få høysa det viktige Tingingsverket ein gong til, som opningskonsert på jubileumsfestivalen!

Nils Petter Molvær trompet Eivind Aarset gitar
Jan Bang live sampling DJ Strangefruit plate-spelarar Audun Erlien bass Rune Arnesen
trommer Per Lindvall trommer Sven Persson
lyddesign Tord Knudsen lysdesign



FOTO: VIDAR HERRE



Fredag 20.00 **Gamlekinoen**

Mariam Wallentin & Vestnorsk Jazzensemble

Mariam Wallentin er ein kunstnar med stort hjarte. Musikken hennar femner både det personlege, allmenne og det spirituelle, med røter dels i improvisasjon og avantgarde, dels i pop og soul.

Vestlandet er rikt på fabelaktige jazzmusikarar, og Mariam har valt nokre av dei aller beste til Vestnorsk Jazzensemble-prosjektet.

"Saman skal vi finna noko udefinerbart og fritt, vilt og vakkert, noko som kan sitja tett og kviskra *livet er her akkurat no, ta det!*", seier Mariam sjølv om prosjektet.

Mariam Wallentin vokal Kjetil Møster saksofon Gro Austgulen violin Hildegunn Øiseth trompet, bukkehorn Carmen Bóveda cello Anders Hana gitar Julie Rokseth harpe Arne Toivo Sandberg kontrabass Terje Isungset perkusjon Børge Fjordheim trommer Tom Svendsgård lydteknikk



FOTO: OLE B. STEINSVIK

Fredag huskort Park

Large Unit EthioBraz

21 musikarar frå tre kontinent som kjem saman i radikal, musikalsk fridom – opplev superversjonen av Large Unit EthioBraz! I 2013 fann den hardtarbeidande trommisen Paal Nilssen-Love ut at det var på tide å starta sitt eige storbandensembla, og Large Unit vart fødd. Gruppa består i utgangspunktet av ein gjeng unge og energiske nordiske musikarar, men over tid har gjengen vorte utvida med spanande musikalske vener dei har møtt på veggen. På den kritikaroste plata EthioBraz (2019) utvida dei besetninga og resultatet vart sjangeroverskridande dynamitt – fritt, energisk og groovy!

Niklas Barnö trumpet Mats Älekliント trompete Kristoffer Alberts tenor-, altsaksofon Heidi Kvelvane altosaksofon, fløyte Klaus Holm Bb-klarinett, alto- og baritonsaksofon Per Åke Holmlander tuba Kalle Moberg akkordeon Ketil Gutvik gitar Terrie Ex gitar Tommi Keranen elektronikk Jon Rune Strøm kontrabass, el-bass Christian Meas Svendsen kontrabass, el-bass Andreas Wildhagen trommer, perkusjon Paal Nilssen-Love trommer, perkusjon Celio DeCarvalho perkusjon Melaku Belay dans Emebet Welde dans Nardos Tesfaye vokal Habetamu Yeshambel masingo (strengeinstrument) Mesay Abebaye kobero (trommer) Robel Zenebe krahr (strengeinstrument) Christian Brynildsen Obermayer lydteknikk



Fredag **huskort Park**

Philip Lassiter

Svak for funk?
Ikke gå glipp
av denne!

Den mangfaldige
multiinstrumentalisten

Philip Lassiter har vore knedjupt nede i funken heilt sidan tida som trompetspelar og blåsar-arrangør i Prince sitt «New Power Generation»-backingband. Han har røter i Texas-funk, Alabama-gospel, New Orleans-jazz og Nashville-soul, og han har spelt med ulike artistar som Kirk Franklin, Ariana Grande, Jill Scott, Al Jarreau, The Isley Brothers og Queen Latifah. Med sisteplata Live in Love kombinerer trompetisten sosiopolitiske bodskap med humoristiske, jordnære forteljingar og utflukter til gamal P-funk.

Philip Lassiter trumpet, keyboard
Niek De Brujin trommer
Glenn Gaddum bass
Richie Reichgelt gitar
Jordy Kalfsveld keyboard
Kris Rietveld vokal



Fredag huskort Park

Roberto Ottaviano Eternal Love

Roberto Ottaviano er ein av dei leiande musikarane på den italienske jazzscena. Dei siste åra har saksofonisten stukke av med både kritikarpisen i Musica Jazz og publikumsprisen i Jazzit. Både kritikrar og fans i dei to største jazzblada i Italia var altså samde: Ottaviano er fantastisk! På sisteplata *Eternal Love* heidrar saksofonisten Afrika: både kultur, musikk og menneske. Med eit utval komposisjonar av Don Cherry, Abdullah Ibrahim, Charlie Haden, John Coltrane, Dewey Redman, Elton Dean i tillegg til original-komposisjonar, vert lyttaren invitert til å høyrta forbi tonane, til ei indre djupn av kollektiv styrke og klangfullt samverke.

Support: Programmazione Puglia Sounds 2023

Roberto Ottaviano saksofon **Marco Colonna** klarinettar
Alexander Hawkins piano **Giovanni Maier** bass **Zeno De Rossi** trommer

Fredag **huskort Park** **The End**

THE END is here! Den eksperimentelle gruppa såg dagens lys i 2018, då saksofonist Kjetil Møster gjekk i studio saman med dette fantastiske utvalet av ville rebellar innan støymusikk, jazz, alternativ rock og impromusikk. Musikken drog dei med i ein sonisk malstraum av mørkt og eksplosivt kaliber i den grad at namnet kom av seg sjølv: THE END.

Dette er kompromisslaus musikk som utspelar seg i vekselpenning mellom det stygge og det vakre, det atonale og det melodiske, kaos og orden – bandet balanserer virtuost på randa av kortslutning.

Sofia Jernberg vokal **Kjetil Møster** saksofon, klarinett, elektronikk **Mats Gustafsson** saksofon, fløyte, live-elektronikk **Anders Hana** gitar, bass, langeleik **Børge Fjordheim** trommer





Fredag **huskort Park**
Mari Kvien Brunvoll & Stein Urheim med Moskus:
Branches & Limits

Prisvinnande Brunvoll og Urheim har alltid vore interesserte i å blanda det kjende og det ukjende i sine låtar, både i tekstar, komposisjonar og klangar. Moskus improviserer leikent i eit sjangerfritt univers, der frisk eksperimentering og rike lydbilete glir saumlaust saman. Når desse to særeigne konstellasjonane barkar saman kan me venta oss ei urframføring med skikkeleg magi, og endå rarare, finare og meir underfundig musikk enn dei klarar kvar for seg – saman kompletterer og utfordrar dei kvarandre!

Mari Kvien Brunvoll vokal, elektronikk, perkusjon,
harpeleik **Stein Urheim** vokal, gitar, elektronikk
Anja Lauvdal piano, synth, elektronikk
Fredrik Luhr Dietrichson kontrabass
Hans Hulbækmo trommer, perkusjon

**Tinga
av
Vossa Jazz**

Støtta av Det norske komponistfond,
Tekstforfatterfondet og Norsk kulturråd.



FOTO: JULIANE SCHÜTZ

Fredag **huskort Park** **Team Hegdal**

Spellemannsvinnarane i Team Hegdal er virtuose, både som individ og som ensemble. Dei boltrar seg i nysgjerrig samspel, og ynskjer oss velkomne inn i si leikekasse! Hegdal har utsøkt melodisk og harmonisk teft kombinert med ein til tider absurd humor. Sjangergrensene ligg opne: Ein liten dæsj frå Messiaen her, litt Gil Evans der, og heile tida med subtile stikk til jazzhistoria.

Team Hegdal kjem til festivalen med den nye plata Vol 5 i bagasjen!

André Roligheten saksofonar, bassklarinett Ole Morten Vågan kontrabass
Gard Nilssen trommer Eirik Hegdal saksofonar, klarinett



FOTO: TORGER RAMFJORD

Fredag 21.30 **Voss idrettshall** **Kari Bremnes**

1984, 1993, 1997, 1999, 2004, 2008, 2013.

Med sju konserter mellom 1984 og 2013 er ho ein av dei artistane som verkeleg har prega festivalen vår gjennom fleire tiår. – Nordvendt, europeisk, opent, stort, personleg og melankolsk – alle desse orda gjev gjenklang i Kari Bremnes sitt musikalske univers. Den enorme musikalske og emosjonelle spennvidda til den folkekjære songaren og låtskrivaren pregar Kari Bremnes Band og konserthane dei held; frå det lyse og lette til det ganske mørke og rå, og heile tida med nærliek til folk og livsskjebnar.

Kari Bremnes vokal Bengt Egil Hanssen tangentar Børre Flyen trommer Petter Unstad bass Børge Petersen-Øverleir gitar Geir Østensjø lydteknikar Mats Ellingsen lysteknikar

Fredag 23.00 **Gamlekinoen**

Hamid Drake`s Turiya: Honoring Alice Coltrane

Ein av vår tids aller beste trommisar innan jazz- og improvisasjonsmusikk! Sidan 70-talet har Drake jobba med storleikar som Don Cherry, Herbie Hancock, Pharoah Sanders, Archie Shepp og Peter Brötzmann. Han er kjend for å inkorporera afro-cubanske, indiske og afrikanske element i spelringa si, og han spelar ofte utan stikker, noko som gjev rom for subtil dynamikk med hender og fingrar. Han kjem til festivalen for å heidra Alice Coltrane: Den fantastiske multiinstrumentalisten som la vekt på dei andelege aspekta ved musikken og var ein pioner innan spiritual jazz-rørsla. "She gifted me with a spiritual and aesthetic openness that I continually cherish. This project is my way of honoring the great being that enabled a teenager to continue on the path of discovery, wonderment and finding one's own voice", seier Drake sjølv.

Noho Ange dans, opplesing

Sheila Maurice Grey trumpet, vokal

Jan Bang elektronikk **Jamie Saft** piano, keyboard, Fender Rhodes **Pasquale Mirra** vibrafon, perkusjon

Joshua Abrams kontrabass, guembri

Hamid Drake trommer, perkusjon, vokal



FOTO: ZIGA KORITNIK

LAURDAG
1. APRIL

Laurdag 11.00 **frå Vangskyrkja**

Kulturvandring til Mølster

Kulturvandring med Eirik Helleve, frå Vangskyrkja til Voss folkemuseum på Mølster. Underveis vert det fleire innlagde stopp, der de får høyrā utvalde godbitar frå den lokale kulturhistoria. Det handlar om framveksten av Vangen, om omfattande alkoholservering, og om mykje anna lokalhistorisk snadder! På museet vert det omvising i utstillinga «Vossa Jazz 50 år» og konsert med Joakim Rainer Trio (konserten er inkludert i billetten).



Laurdag 12.00 **Mølster**

Joakim Rainer Trio

Den unge, Trondheims-baserte pianotrioen, som gjekk til topps i Jazzintro 2022, spelar med blikket retta framover, men med djupe røter i jazzhistoria. Musikken er spontan, leiken og rytmisk fengslande, og komposisjonane bygjer på komplekse former, asymmetriske loops og opne harmoniar. Trioen trekkjer musikalske linjer til komponistar og musikarar som Jimmy Giuffre, Andrew Hill, Luciano Berio og Kris Davis: Ei særspanande blanding av uttrykk som sameinast gjennom lyttande, leikent og tett samspel.

Joakim Rainer Petersen piano Alexander Riris kontrabass Rino Sivathas trommer

FOTO: ODDLEIV APNESETH



Laurdag 12.00 **Osasalen**

Sinikka Langeland

Vinteren 2021 kom det ny musikk under tittelen Vind og sol frå Sinikka Langeland og stjerne-laget hennar. Dette prosjektet tek utgangspunkt i dikt av Jon Fosse som Langeland og dei eminente musikarane løftar fram gjennom klang, tone og improvisasjon.

Sinikka har djup interesse for naturmystikk, og i Jon Fosse sin lyrikk finn ho ord og tankar som resonnerer med dette. Med folkemusikk som grunnlag lar ho ensemblet få stor fridom. Det tidlause ved orda til Fosse vert understreka gjennom musikarane sine frie, meir moderne klangar.

Sinikka Langeland kantele, vokal Trygve Seim saksofon Mathias Eick trompet
Mats Eilertsen kontrabass Thomas Strønen trommer



Laurdag **Scandic Voss**

Verkstad: 09.00 – 10.30 Konsert: 12.00

Superjazz med The Brazz Brothers og Supergruppo

Jazzsjangeren er tufta på improvisasjon, impulsivitet og speglede.

Superjazz – med The Brazz Brothers og Supergruppo i spissen –

lever verkeleg opp til desse grunnverdiane!

The Brazz Brothers er landets eldste eksisterande frilansensemble med kontinuerleg drift. Alle medlemmane er frå bygda Langevåg på Sunnmøre, og besetningen har, med eitt unntak, vore den same sidan oppstarten. Ensemblet har eit stort publikum både i Noreg og internasjonalt. Med sin spesielle besetning – messingkvintett pluss trommer – har ensemblet skapt sin eigen musikalske stil og sjanger.

Jan Magne Førde trumpet **Helge Førde** trombone **Stein Erik Tafjord** tuba

Runar Tafjord horn **Kåre Nymark** trumpet **Kenneth Ekornes** trommer

Supergruppo under leiing av **Solfrid Himle**



Laurdag 14.00 **Kapellankåken**

Ein veg – ei reise med Bergensbanen

Bli med forfattar Dag Helleve, musikar Marius Kloving og det strålende bandet på ei reise med Bergensbanen i tekst og musikk! Prosjektet tek for seg utvalde delar av historia til togstrekninga mellom Voss og Oslo samt refleksjonar og naturskildringar på vegen.

Musikken er skriven av Kloving, og avisar Hordaland har skrive:

“Teksten er lun og stemningsfull. Humoristisk og alvorleg på same tid.

Saman finn forfattaren og musikarane tonen. Det er tid for refleksjon og ettertanke.

Togkupeen er verkeleg ein stad å drøyme seg vekk”.

Dag Helleve tekst Marius Kloving gitar, komposisjonar Jakob Eri Myhre trumpet
Bjørnar Kaldefoss Tveite kontrabass Mats Mæland Jensen trommer



Laurdag 13.30 **Voss idrettshall**

Landslaget for Spelemenn

FolkOrg fyller 100 år, Vossa Jazz vert 50 i 2023, og dei to jubilantane feirar med eit felles jubileumsband med det klingande navnet "Landslaget for spelemenn" – urframføringa får du på Vossa Jazz!

Konserten har fått navnet "100 år med folkemusikk på 90 minutt" der forfattar og skodespelar Liv Gulbrandsen losar oss gjennom folkemusikksga, med ein outsiders respektfulle skråblikk, akkompagnert av eit musikalsk stjernelag: Landslaget for spelemenn!

Landslaget består av sju musikarar, og spelar då naturlegvis på tvers av banen. Under leiing av manager og strateg Jørund Fluge Samuelsen stiller dei stort sett i sin faste tretaktsformasjon med Veslemyr Narvesen som anker. Ho vert flankert av Sondre Meisfjord og Ronny Kjøsen, som saman med sweepar Juhani Silvola både går hardt i offensiven på kontringar og bidreg i forsvar når det trengst. I front finn ein trioen Ragnhild Furebotten, Erik Sollid og Tuva Syvertsen som i samspel og soloraid syter for presise innlegg, virtuost veggspel, svimlende fintar og knallharde skot mot mål!

Ein er aldri betre enn innbytarbenken sin, vert det sagt, og lat oss håpa at det er sant: På Vossa Jazz er det Stian Carstensen, Kirsten Bråten Berg og Tore Brunborg og Voss Spelemannslag som prydar benken: Ein gjeng som verkeleg styrker laget i alle ledd!

Landslaget:

Tuva Livsdatter Syvertsen vokal, feler **Ragnhild Furebotten** fele, vokal
Erik Sollid feler, vokal, tenorgitar, mandolin **Juhani Silvola** gitarar
Ronny Kjøsen trekkspel, trøorgel, piano **Sondre Meisfjord** kontrabass, bass
Veslemyr Narvesen trommer, perkusjon **Liv Gulbrandsen** fortejar

Innbytarbenk: **Stian Carstensen – Kirsten Bråten Berg – Tore Brunborg – Voss Spelemannslag**



Laurdag 15.30 **Osasalen**

Nana Rashid

Ærlig og ope, med trua på at musikk kan hjelpe oss å finna att det djupt menneskelege – Nana Rashid lagar musikk om banda som held menneske saman.

Med nytt perspektiv på gamle jazzgrep syng ho seg inn i samtida. Songar om nattas melankoli og den vanskelege kjærleiken, og om det å vera kvinne og alt som følgjer med av forventningar.

Albumet Music for Betty kjem våren 2023. Hovudtemaet til plata er kompromisslaus sjølvrespekt. Å akseptera seg sjølv med alt det me inneheld – òg det skamfulle: sårbarheit, einsemd og lengten etter å høyra til i ei tid der det er så mange grunnar til å føla seg åleine.

Nana Rashid vokal Benjamin Nørholm Jacobsen piano
Martin Brunbjerg kontrabass Lasse Jacobsen trommer

Laurdag 15.30 **Voss kulturhus**

Vozzakveld med Voss storband, Kolve, Brunborg og Dale

Voss storband – bygdas sitt eige, levande storband – har vore i drift sidan 1974 og spelte på den første Vossa Jazz! Dei har vore ein sentral aktør i musikklivet i bygda, og mange av bygdas beste musikarar har utvikla seg i storbandet. I høve 50års-feiringa vår samlar Voss storband nokre av dei finaste og viktigaste jazzmusikarane som har vore medlemmer, eller som har teke del i utviklinga til bandet gjennom åra: Ivar Kolve, Tore Brunborg, Øyvind Dale og Kåre Kolve deltek alle med ny, sjølvskriven storbandmusikk!

Gjestar/komponistar: Ivar Kolve, Tore Brunborg, Øyvind Dale, Kåre Kolve Dirigent: Are Ovesen Trombone: Gunnar Bjelkevik, Berit Veka, Arnhild Vethe, Birger Lærum, Heidi Røystrand Kolås Trompet: Trond Remme, Styrk Oppheim, Arild Hellesøy, Lillian Dregelid Hjelmeland Saksofon: Halvard Bjørgo, Rune Rønholvde, Jan Tvilde, Madli Vethe Harbun, Åse Marie Jordal, Håvard Rio Matre, Erik Kildal-Johansen Bass: Trond Matre Trommer: Steinar Røthe Gitar: Bjørn Sandes Piano: Einar Arild Hauge Songsolist: Solhild Hauge





Laurdag 18.00 **Voss idrettshall**

Oddrun Lilja: Tingingsverket I



Den unge gitaristen har verkeleg erobra den norske jazz- og verdsmusikkscena dei siste åra. Mange la først merke til henne i Bugge Wesseltoft si nyaste utgåve av New Conception of Jazz, og gode Vossa Jazz'arar har sett henne med bandet Moksha og i Ingebrigts Haaker Flaten sitt Tingingsverk EXIT KNARR. Med bandet LILJA har ho fått utløp for mange av sine nyskapande og særegne musikalske idear.

Ho har ein unik og allsidig spele stil, krydra med inspirasjon frå alle verdshjørne. Ho har spelt med sirkusartistar i Etiopia, raga-musikarar i India og Nepal, gnawa-musikarar i Marokko og jazzmusikarar i New York og Paris, dei mangslungne musikalske erfaringane høyrer ein godt i musikken hennar.

Lilja har brukt det fascinerande skaldediktet Lilja som bakteppe og inspirasjon for Tingingsverket: "Det er et religiøst dikt fra middelalderen, men handlingen kan også oppleves som aktuell og allmenn selv i dag, og tolkes utover den kristne rammen. Når jeg leser setningen «Den fullkomne verden blir ødelagt, verden truer» går tankene til den nye epoken vi er inne i i Europa, hvor vi gikk fra å tenke at krig er helt utenkelig, til å lese om hendelser som blir mer og mer grufulle for hver dag som går", seier Lilja.

Med seg til å framføra verket har Lilja valt musikarar frå øvste hylle. Ho beskriv samansetjinga som «upløyd mark», med musikarar frå folkemusikk, jazz, soul og verdsmusikk.

Oddrun Lilja komposisjon, gitar, vokal
Anders Røine gitar, vokal, langeleik, munnharpe, fele
Beate S. Lech vokal Helga Myhr fele, vokal
Helge Norbakken perkusjon Jo Skaansar bass
Atle Sekkingstad lydteknikk



KULTURÅDET
Arts Council
Norway



Laurdag 20.00 **Gamlekinoen**

Gi jazz

- Eides språkguide til Jazzen

Kjem ordet jazz frå «Paois jass» (kreol for ein anstrengande aktivitet) eller «Jasm» (slang for driv, energi, vitalitet)? Ingen veit. Jazz er eit ord som blir forstått over heile verda, men som utruleg nok har ukjent opphav. Slik er Jazzen; vanskeleg å fanga, men ein fest å oppklara. Gi jazz! Vossa Jazz har gitt jazz i femti år. Det har påverka alle vossingar og gjort dei langt over gjennomsnittet jazz-interesserte. Det gjeld også for Eide og Hjeltnes, begge trufaste vossajazzinger. No gir dei noko tilbake til festivalen, ei jubileumsgåve, ein historietime det skal swinga av. Det er berre å gi jazz!

Linda Eide – Sjur Hjeltnes – musikalske gjester





FOTO: ELISABETH JAKOBSEN

Laurdag huskort Park

Bare Egil Spellemannslag

Bare Egil Spellemannslag er eitt av mange prosjekt i den absurde bandfloraen som kretsar kring den humoristiske visekongen Egil Hegerberg. Bandet var booka og klare til å spela på Vossa Jazz i 2020, men me veit jo alle korleis det gjekk.

Bare Egil Spellemannslag er den mest rotnorske og tradisjonsklingande konstellasjonen hittil. Her skal Egil kveda og syngja låtane sine til akkompagnement av felegnikk og folkemusikalske vendingar frå nokre av dei aller beste tradisjonsmusikarane i landet. Ikke bli overraska om praten mellom låtane føregår på «tulletelemarksdialekt»!

Egil Hegerberg vokal **Roald Kaldestad** gitar, mandolin **Tuva Syvertsen** fele, hardingfele
Erik Sollid fele, hardingfele **Gjermund Silset** kontrabass **Frode Haltli** trekkspel



FOTO: HILDESOLLI

Laurdag huskort Park **Sondre Lerche**

Etter hektiske turnear i Europa og Amerika og sagnomsuste liveshow på fleire av landets største sommarfestivalar gjør Lerche berre eit knippe eksklusive konserter i 2023, og éin av dei er på Vossa Jazz!

Sisteplata hans – *Avatars Of Love* – var ei av dei mest elskaa, ambisiøse og kritikarrost platene i 2022. Dobbeltalbumet fekk eit ras av seksarar og strålande omtalar då det kom, frå mellom andre VG, Bergens Tidende og Dagsavisen. NRK utropte plata til «et av tidenes beste norske album», og Klassekampen meinte at dette er «Sondre Lerches mesterverk». Dagens Næringsliv konstaterte at «Sondre Lerche er nå på høyde med de største» og me er einig!

Sondre Lerche vokal, gitar
Alexander Von Mehren tangentar
Chris Holm bass
Selma French Bolstad vokal, fele
David Heilman trommer
Michael Bjørnaali lyddesign



FOTO: ROJFERMAN

Laurdag **huskort Park**

Hannah Storm

23 år gamle Hannah Storm vaks opp i ein musikalsk heim, og byrja å skriva eigne songar allereie som sjåring. Etter mange år med synging, spelning og utdanning sende Storm ut demoar til fleire aktørar i musikkbransjen.

MADE Management (AURORA, Sigrid, Lars Vaular++) viste interesse, og ho vart raskt ein del av byens blomstrande musikkmiljø. Platekontrakt og samarbeid med ulike artistar og produsentar følgde, og under By:Larm 2021 vart Hannah Storm ein av dei mest omtalte og hylla artistane. Gåsehudframkallande konserter på festivalar som Øya, Slottsfjell og Vill Vill Vest følgde.

Med tidlaus og ektefølt poppa indiepop av beste merke ligg vegn til stjernehimmelen vidopen for Hannah Storm – og heldigvis går turen innom Vossa Jazz!

Hannah Storm vokal **Emil Jensen** Malum trommer **Jonas Særsten** tangentar
Leon Torskangerpoll bass **Mathias Marstrander** gitar **Michael Bjørnaali** lyddseign



FOTO: MARKUS RAVIK

Laurdag **huskort Park** **Trichotomy**

Den banebrytande australske jazztrioen har 20 år med samspel bak seg og ei rekke strålende album på det britiske plateselskapet NAIM. Dei har utvikla eit unikt sound saman, bygd på fritt og leikent samspel, sofistikerte, melodiske detaljar og tematiske krumspring. No kjem dei endeleg på Europa-tourne igjen, med splitter ny musikk i bagasjen. Albumet TO VANISH kjem ut nokre veker før festivalen, og denne gongen blandar dei akustiske og elektroniske element saumlaust saman, i ei nysgjerrig og kreativ utforsking av trioformatet sine mogelegeheter.

Sean Foran piano, elektronikk
John Parker trommer, elektronikk
Samuel Vincent bass, elektronikk

Laurdag **huskort Park** **The Source of Voss**

The Source feirar 30 år! Sidan dei gav ut debutalbumet «Olemanns Kornett» i 1994 har The Source vore ein viktig institusjon i norsk musikkliv. Dei har no gjeve ut sju album, reist land og strand rundt og turnert med strykekvartettar, kammerorkester, musikarar frå Egypt, India, Bulgaria, bandet Motorpsycho, diktarar, poetar, skøyteløparar og ishockeylag! Musikken spenner vidt: Den svingar, engasjerer, loddar djupt, flyg høgt og byr alltid på overraskningar, ispedd ein god dose humor. Dei er kjende for sine legendariske jolekonsertar, og dei har hatt «The Source: of Summer» på Nathionalteatret. Bli med på festen med The Source of Voss!

Øyvind Brække trombone
Trygve Seim saksofonar
Mats Eilertsen kontrabass
Per Oddvar Johansen trommer



FOTO: KNUT BRY



FOTO: ELISA BATES

Laurdag **huskort Park** **Ingrid Jasmin**

Ei elektro-akustisk blanding av norsk folkemusikk og flamenco, med nydeleg, eigenarta stemme og ein solid dose pop-sensibilitet! Den unge, talentfulle songaren vaks opp omgjeven av folkemusikk i Telemark, men har samstundes dyrka røtene sine i den spansktalande verda. Ho har budd fleire år på Cuba og i Spania, der ho har gått djupt inn i den tradisjonelle musikken. Den uvanlege blandinga av av norsk og spansk tradisjonsmusikk ser kanskje merkeleg ut på papiret, men Ingrid Jasmin har stemma, kunnskapen og musicaliteten som får det til å fungera heilt fantastisk – berre hør på plata og live på Vossa Jazz!

Ingrid Jasmin vokal **Mathias Eick** trompet, synth, vokal **Andreas Ulvo** tangentar, synth
Almir Meskovic akkordeon, laptop, synth



Laurdag **huskort Park** **Undergrunnen**

Med eit primitivt driv og ein eksplosiv energi er Haugesund-baserte Undergrunnen det fødde live-band – ein skikkeleg musikalsk knyttneve!

Dei følgde opp det fantastiske debutalbumet med Ein revnande likegyldighet i 2020, der dei gjekk endå lenger når det gjeld frekk produksjon og skarp låtskriving. Dagbladet konstaterte at «Villere blir det ikke», og Dagsavisen meinte at plata var «et under, i grunnen». Undergrunnen spelar det dei sjølv kallar «jungelkraut»: Ei form for psykedelisk garasjerock med inspirasjon frå steppene i Afrika og tyske krautrock-klubbar.

Ørjan Haaland slagverk, orgel Pål Jackman gitar, vokal
Per Steinar Lie bassgitar Morten Jackman trommer

Laurdag **huskort Park** **Bushman's Revenge**

Jazz for dei som likar jazz og elskar rock! I 20 år har Bushman's Revenge revitalisert det stadig like raudglødande brennpunktet mellom rock og jazz. I 2023 kjem den ellevte plata til bandet som har vorte omtala som «ein «missing-link» mellom Albert Ayler og Black Sabbath», «Marshall-forsterkarversjon av John Coltrane» og «jazz slik Hendrix ville gjort det»!

Etter tjue (!) år med samspel har dei oppnådd ein musikalsk kommunikasjon og ei dynamisk djupn som er heilt unik. Adresseavisen skreiv at "Musikerne har en kjemi seg imellom som gjør at de spiller med en nærmest telepatisk forståelse for hverandre".

Even Helte Hermansen gitar Rune Nergaard bass Gard Nilssen trommer



FOTO: MARTHE AMANDA VANNEBO



Laurdag 22.30 **Gamlekinoen**

Angrusori

I 2016 gjekk medlemmar frå Kitchen Orchestra og ei gruppe slovakiske musikarar i gang med å utforska spelerommet mellom gamle migrasjonsongar frå romtradisjonen og det meir eksperimentelle og improvisasjonsbaserte samtidssegmentet.

Debutplata *Live at Tou har hausta fantastiske omtalar*, inkludert fire stjerner i *The Guardian* ("contemporary album of the month") og terningkast 6 i *Stavanger Aftenblad*, i tillegg til rosande omtalar i *The Wire* («mesmerizing and moving») og full pott i italienske *Il Manifesto*. Angrusori byr på ein estetikk rik på fargar og stemningar – ein musikk som gjev nytt håp for solidaritet og medmenneskelegdom, og som viser kva som skjer når ein tør å kryssa grenser.

Iva Bittová komponist, violin, vokal Nils Henrik Asheim komponist, orgel, orkersterleiar
Signe Irene Time vokal Marcela Dreveňáková vokal Jozef Dreveňák vokal, gitar
Gjertrud Økland violin Patrik Žiga violin Roman Harvan cello Petter Frost Fadnes saksofonar
Johan Egdetveit akkordeon Ivar Myrset Asheim trommer, perkusjon

Sjå opp for musikalske stunt!

Gamlekinoen

Sal av lokale forfriskingar. Velkommen!



FOTO: ROBERTO CIFARELLI

Jazznytt 18

Velkommen til salongklubben Jazznytt18 i foajeen i Gamlekinoen, der tidsskriftet Jazznytt tek innholdet til scena med intervju med kulturjournalist Audun Vinger som vert.

Laurdag 11.00

Møt Tingingsverkkoponist anno 1996 og 2023,
Nils Petter Molvær og Oddrun Lilja!

Sundag 10.30

Vinger inviterer noverande
festivalleiar Trude Storheim
og tidlegare leiar Lars Mossefinn
til ein jubileumsprat.



SUNDAG
2. APRIL



Sundag 11.30 Osasalen

Kjærgaard / Bruun / Westergaard Trio

Trioen vart danna i 1999 i studietida på Rytmisk Musikkonservatorium i København, der dei byrja utforskinga av spenningsfeltet mellom komplekse kompositoriske strukturar, polyrytmiske lag og open improvisasjon.

Dei tre musikarane jobbar kontinuerleg med å utvikla sitt eige musikalske språk med friske perspektiv på rytmiske strukturar, kompositorisk form og strategiar for improvisasjon. Dei utmerkar seg i korleis dei bearbeider det musikalske materialet saman, på ein måte som opnar for kroppsleg forståing av musikalske konsept, og der klangar og tonar får utfalda seg i eit ope, intuitivt spelefelt!

Søren Kjærgaard piano Jonas Westergaard bass Peter Bruun trommer



FOTO: ERIK-BERG

Sundag 13.30 Gamlekinoen Vikla inn i blått

Konsertframsyninga Vikla inn i blått: Eit utval av landets beste skodespelarar og musikarar framfører Bob Dylan-låtar, gjendikt på nynorsk av Tom Roger Aadland! Bob Dylan er musikaren og poeten som kanskje meir enn nokon andre har påverka rockemusikken. Her vert det både ikoniske hits og mindre kjende songar henta frå nesten heile Dylans karriere.

På scena står eit songsterkt skodespelarlag klar til å levera sine tolkingar av songane til ein av musikkens og litteraturens meir mangesidige kunstnarar, med backing frå eit knippe framifrå musikarar.

«En Dylan-konsert for historiebökene» – Dagsavisen, terningkast 6.

«Dirrende intens» – Aftenposten.

Produsert av Det Norske Teatret, regi av Eirik Stubø

Skodespelarar: Heidi Gjermundsen Broch – Ina Svenningdal – Paul-Ottar Haga

Morten Svartveit – Gjertrud Jynge – Ingrid Jørgensen Dragland

Musikarar: David Wallumrød – Erik Nylander – Håvard Stubø – Espen Reinertsen



Sundag 13.30 **Osasalen**

Significant Time: Vossastubbar

I Vossastubbar byr Significant Time på overmot, energi, vitalitet, varme og folkeleg foreining. Slik speglar dei att stemninga i Vossastubbar av vår eigen Per Sivle, ei samling med små, lokalt forankra forteljingar frå seit 1800-tal som friskt og nderleg herjar med folkeleg tenke- og veremåte på attkjennande og humoristisk vis.

Significant Time urframførte verket på Vossa Jazz i 2017, og no på vårparten vert endeleg musikken utgjeven på plate, og gruppa held sjølvsagt sleppkonserten på Vossa Jazz!

Signe Irene Time vokal Øyvind Dale piano Fredrik Luhr Dietrichson bass
Raymond S. Lavik trommer Marius Klovning gitar Ida Løvli Hidle trekkspel



Sundag 11.30 **Granvin – Trudvang**

Sundag 15.30 **Velferdssentralen**

Eldre Jazz Familieframsyninga Påskemåne Ønskesol

Den som får sjå sola dansa på påskemorgon kan ynska seg noko!

Påskemåne Ønskesol er ei leiken og vakker familieframsyning

– perfekt for besteforeldre som vil ta med borneborn i alderen 4-10 år på noko kjekt!

Langt nord i Svartdalen bur Vesle-Live og pappa. Oldemor Gammel-Live bur i kårstova ute på tunet. Men ein dag skjer det noko uventa, og Vesle-Live får eit viktig oppdrag...

Med enkle verkemiddel av høg kvalitet fortel Thea og Jo ei stor, lita historie ramma inn av livets og naturens års- og livssyklusar, på borna sine premissar.

Thea Borring Lande skodespelar, kunstnarisk leiar
Jo Berger Myhre musikar, komponist

Sundag 15.15 **Voss idrettshall**

Sagn

Om ein skal rangera alle Vossa Jazz sine Tingingsverk etter musikalsk kvalitet, nyskapning og omfang på presseomtalar er Sagn av Arild Andersen frå 1990 eitt av dei som absolutt fortener pallplassering. Dette var eit nybrottsarbeid i skjeringspunktet mellom jazz og norsk folkemusikk – Sagn har vorte ståande som definierande innanfor denne hybridsjangeren.

Ei slik sjangerblanding står ofte i fare for å falla i ei av to grøfter: Anten vert det «oppjazza folkemusikk», eller «jazz i folkemusikkdrakt». Med Sagn viste Arild Andersen, Kirsten Bråten Berg og dei framifrå musikarane i bandet at det finst ein tredje veg, som krev musikalsk balansekunst på høgt nivå, og er desto meir fruktbar.

Sagn vart ein stor suksess – både den bejubla konsernen på Vossa Jazz og den kritikarreste plateinnspeilinga av verket, som kom ut på Kirkelig Kulturverksted og ECM året etter.

Arild Andersen bass
Kirsten Bråten Berg vokal
Alnæs gitar
Bugge Wesseltoft piano, tangentar
Asle Karstad lyddesign



FOTO: KAI HANSEN

Bendik Hofseth saksofon
Frode Thomas Strønen trommer, perkusjon



Sundag 17.00 **Vangskyrkja**

Martha Wainwright – Love Will Be Reborn

Med ei karriere som strekkjer seg over to tiår har Martha Wainwright etablert seg som ein av dei mest fengjande og talentfulle songar-låtskrivarane i sin generasjon. Med rå, emosjonelle framføringer, kraftfull stemme og saumlaus miks av folk, rock og jazz har kanadiaren fått eit utal trufaste tilhengjarar blant musikkelskarar over heile verda.

I 2021 kom det etterlengta ny musikk frå Wainwright, i form av albumet *Love Will Be Reborn*. Både meldarar og publikum har lagt sin elsk på plata, og fleire meiner at dette er det beste ho har laga sidan den sjølvtitulerte debuten i 2005.

Martha Wainwright vokal, gitar, tangentar

Sundag 18.30 **Gamlekinoen**
Sigrid Moldestad

Sigrid Moldestad er ein av Noregs fremste artistar innan folk-, vise- og tradisjonsmusikk. Ho har eit sterkt forteljarhjarte og ei eiga evne til å røre publikum, anten det er med leikfull kraft eller melankoli og sjølvskrivne viser og tekstar. Med platene Taus, Sandkorn, Himlen har sove bort mørkret og Brevet til kjærleiken har ho sidan 2007 plassert seg langt inn i den norske folkesjela. Og ikkje minst: Sigrid er ein fantastisk live-artist, som det er vanskeleg å ikkje verta påverka av som publikummar.

Sigrid Moldestad fele, vokal
Anders Bitustøy**l** bass, vokal
Jørgen Sandvik gitarar, banjo, mandolin, vokal
Kåre Opheim trommer, perkusjon, vokal
Roald Kaldestad gitarar, mandolin, vokal
Sigbjørn Apeland trøorgel, rhodes, piano, vokal
Kjetil Aabø lydteknikk



Sundag 20.00 **Voss idrettshall**
Ane Brun

Ane Brun feirar 20 år som artist! Ho har hatt ei eventyrlig reise som musikar sidan debut-albumet Spending Time with Morgan frå 2003. Det norskspråklege albumet Nærmere (2022) føyer seg saumlaust inn i gullrekka, og dei mange Europaturneane i dei siste ti åra har tydeleg demonstrert at Ane Brun er blant våre aller beste liveartistar.

Jubilanten har hatt ei lang rekke konserter i ulike konstellasjoner i og utanfor Skandinavia; solo, duo, med band, strykjarar og symfoniorkester. Festivalkonsertane i duoformat med pianist Marte Eberson under pandemien gav meirsmak, og no kjem den strålende duoen til Vossa Jazz!

Ane Brun vokal, gitar **Marte Eberson** tangentar, vokal



Laurdag 11.00 **Torget**

Badnajazz-parade

Små og store er hjarteleg velkomne til å vera med, og du kan ta med instrument om du vil. Paraden går til Voss kulturhus.

Laurdag 11.30 **Voss kulturhus, biblioteket**

Forfattartreff med Aina Basso

Aina Basso (f. 1979) vitjar Vossa Jazz i samarbeid med den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu! Aina Basso er utdanna historikar og debuterte litterært i 2008 med ungdomsromanen *Ingen må vite*. Seinare har ho skrive ei rekke spanande historiske romanar og sakprosa, for både ungdom og vaksne. For Inn i elden vart ho nominert til Brageprisen i 2012, og Kulturdepartementets litteraturpris og Nordisk råds pris for beste barne- og ungdomsbok i 2013. I 2022 fekk ho tildelt Samlagsprisen for den skjønnlitterære forfattarskapen sin, og var festspeldiktar på Festspela i Ørsta og Volda.



FOTO: ODABERBY

Laurdag 12.00 **Voss kulturhus**

Kashakas og Klikkerter

Per, Daiyen og Audun er tre nysgjerrige supermusikarar som lett let seg fascinera av nye lydar og instrument – som klikkerter og kashakas! I forkant av festivalen har dei gjennom Den kulturelle skulesekken vitja mange skuleelevar på Voss, og no tek dei med seg haugevis av dei merksnogene instrumenta til Vossa Jazz for at born og unge på festivalen skal få prøva seg. Finst det nokon klikkert- og kashakasekspertar på Vangen, tru? Det trur me!



Per Jørgensen vokal, trompet, perkusjon
Daiyen Jone Castro vokal, fløyte, perkusjon
Audun Humberset perkusjon

Laurdag 16.00 **Park Vossasalen**

Sigrid Moldestad:

Regndråpeborna
og andre dyr

Sigrid Moldestad kjem til Vossa Jazz med plateslepp og familiekonsert! I Regndråpeborna og andre dyr får små og store bli kjende med både regndråpeborna, grashoppa med grashoppefela, snigelen som sykla og kråka med alle dei skumle kråketankane...

Bak den regnvåte tittelen finn me eit nytt møte mellom Sigrid Moldestad sin musikk og diktaren Jan-Magnus Bruheim (1915-1988) sine tekstar. Sist gong var med den kritikarroste plata *Brevet til kjærleiken* frå 2014. Denne gong er det barnedikta til Bruheim som har fått nytt liv.

Sigrid Moldestad vokal, feler, ukulele



Jørgen Sandvik stregseinstrument, vokal

Sondre Meisfjord bass, vokal Kåre Opheim trommer,
vokal Kjetil Aabø lydteknikk

Elevar frå Gullfjordungen skule

Tinga saman med Førdefestivalen og Falturiltu



Sundag 13.00 **Voss kulturhus**

Tora Augestad:

Vårill

Songar og skodespelar Tora Augestad har skrive musikk til utvalde tekstar av Ruth Lillegraven, hovudsakleg frå barne-diktsamlinga *Eg er eg er eg er frå 2016*. Med seg har ho dei flotte musikarane

Trygve Seim, Pål Hausken, Frank Hovland og Espen Leite. Augestad har òg samarbeidd med kunstnar og fotograf Marie Sjøvold om det visuelle.

På Vossa Jazz skal solistar frå Voss kulturskule, under leiing av Ingrid Langen Fjose, bidra på scena.

Tora Augestad vokal, tangenter



Trygve Seim saksofon

Pål Hausken trommer, perkusjon

Frank Hovland bass Espen Leite akkordeon

Solistar frå Voss kulturskule

under leiing av Ingrid Langen Fjose

Tinga saman med Senja Barnefestival



Torsdag 14.45 frå torget

Møt Vossavegvisarane!

Elevar frå reiselivslina ved Voss gymnas vil i år vera vegvisarar og ta publikum med på ei spanande vandring frå Vangen til Mølstertunet. Langs ruta vil dei by på overraskningar som pírrar fleire sansar. Turen endar opp på Mølstertunet der deltakarane får vera med på den offisielle opninga av jubileumsutstillinga «Vossa Jazz 50 år».

Passar for alle, men du må kunna gå frå Vangen til Mølstertunet.

GRATIS! Info om påmelding finn du på www.vossajazz.no



Det vert musikk med elevar frå jazzlinja ved Voss Folkehøgskule laurdag 13.30 på Scandic Voss

Samarbeid er gull!

Tradisjon tru har Vossa Jazz mange samarbeid med aktørar i heile heradet.

Barnehageborn bidreg med dekorasjon, medan eldre born får moglegheit til å delta på profesjonelle oppsetjingar med årets artistar. Ungdom i Vangsgryto og ungdomshuset har eit eige prosjekt som dei vil visa fram under festivalen, og elevar frå dei to vidaregåande skulane bidreg som frivillige med sveising, snikring, skilting og eigne aktivitetar i løpet av festivalen.

Det vert òg musikk frå dyktige elevar frå Voss Folkehøgskule.

Sjå opp for godt samarbeid!

Bygde-laurdag

kl 10.00 - 15.00

Laurdag er marknadsdag! Deler av Vangsgata vil bli stengt for biltrafikk og det vil koma gode tilbod frå både lokaleprodusentar og andre.



Buss på bygda!
Treng du transport heim
frå festivalen?
Les meir om Sharebus på
vossajazz.no



Hua 150,-



Solbriller 50,-

Nett 120,-

T-skjorte Born 100,-

Caps 150,-

Hettegensar 250,-

Forkle 200,-



Solbriller 50,-



T-skjorte Born 100,-

Caps 150,-



Klar for å jazza opp garderoben?

På billettkontoret har me eit variert

utval av ting du ikkje visste du trøng!

VOSSA JAZZ laugjet

- | | |
|-------------------------------|--------------------|
| Accountor | Sparebanken Vest |
| Amfi Voss | Sylvsmidja |
| Azets | Synsenteret Voss |
| Hordaland Bladdrift | Vangen Elektriske |
| HMV Voss | Vekselbanken |
| Idrettens Olympiade | Voss Energi |
| Indre Hordaland Miljøverk | Voss Fiber |
| Kveik | Voss Kommunikasjon |
| Myrkdalen Fjellandsby | Voss Møbel & Tre |
| Næringshagen på Voss | Voss Resort |
| Park Hotel Vossevangen | Voss Sparebank |
| Proaktiv Voss Eiendomsmegling | Vossakjøt |
| Scandic Voss | Vy |